

Ordføraren sitt hjørne – august 2019



Sommaren er over. Hausten og kommunevalet står for døra. Valdagen er måndag 9. september i Kultursalen. Vallokalet er ope frå kl. 09.00 – 21.00. Det skulle vera såpass god tid at det vil passe alle som er heime på valdagen. Er du ikkje det, så er det mogleg å førehandsrøyste i kommunehuset, Tenestetorget, til og med fredag 6. september. På heimesida til kommunen finn de det meste som er kjekt å veta om valet. Mange meiner det blir eit spanande val denne gongen - det trur eg òg - så bruk stemmeretten din og ver med på å avgjera kven som skal styre bygda vår framover.

Det er siste kommunestyremøtet for det sittande kommunestyret no på torsdag 12. september. Det nye kommunestyret trer i kraft ved konstituerande møte tysdag 15. oktober. Skulle det dukke opp saker som krev ekstra møte før den tid, så er det me «gamle» som må ha ekstramøte. Kommunen står ikkje stille i samband med valet.

Kommuneplanen – Samfunnsdelen skal opp til handsaming på møtet no torsdag. Ja vel, tenkjer du, kva er det?

Kommuneplanen skal vise i kva retning Hemsedal skal gå fram mot 2030, og er kommunen sitt overordna styringsdokument. Den tek stilling til dei langsiktige utfordringane, fastsette mål og strategiar for Hemsedalsamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Den dannar vidare grunnlaget for økonomiplan (handlingsdelen) og årlege budsjett.

Arbeidet med planen har vore brei og inkluderande. Det er halde politiske og administrative arbeidsøker. Det har vore 4 grendamøter som har hatt stor oppslutnad, og det har vore eigen idèdugnad med Hemsedal Ungdomsråd og 9. klasse ved Hemsedal barne og ungdomsskule. Eldrerådet har bidrege med innspel i prosessen, og ein har gjennomført ein eigen idèdugnad med dei eldre på Dataklubben (Frivilligsentralen). I tillegg er det gjennomført ei innbyggjarundersøking ved hjelp av KS - «Betre kommune» der også hyttefolk har delteke. Det var litt låg deltaking her. Berre 11% sende inn svar. Alle innspel er vurdert og nokon er teke omsyn til.

Samfunnsendingar skjer stadig raskare, og kva som påverkar utviklinga er mangesidig, og vert ofte påverka av utanforliggjande eksterne rammevilkår. Kommuneplanen grip fatt i prioriterte områder som kommunen som tenesteyter sjølv kan påverke, men også kva kommunesamfunnet med næringsliv, lag og foreiningar og kulturliv kan bidra med.

Gjeldande samfunnsdel er frå 3. juni 2010, med følgjande visjon - «Ta vare på Hemsedal – vekst og utvikling- bygd på natur, kultur og livskvalitet». Prosessen har synt behov for ein ny visjon mellom anna etter arbeid med merkevarestrategi for næringa i Hemsedal. Med bakgrunn i desse tilbakemeldingane vert ny visjon for kommunen «Saman te topps»!

Mål og strategiar i plandokumentet er bygd opp kring 4 målområder:

- 1. Bulyst (Bygd- og stadsutvikling, kultur, natur, idrett, organisasjonsliv)**
- 2. Livsløp (Oppvekst, helse og omsorg)**
- 3. Miljø (Kulturarv, klima, ressurs- og miljøforvaltning)**
- 4. Næringsliv (Innovasjon, utbyggingsstrategi, landbruk, samferdsel)**

For kvar av dei 4 hovudmåla er det fleire delmål og strategiar for å nå måla. Det er og ei SWOT-analyse i planen og ein litt luftig visjon korleis Hemsedal kan sjå ut i 2030. Dette kommunestyret legg ut planen for høyring, så er det det nye kommunestyret som tek planen vidare til vedtak. Nytt høyringstida og kom med innspel!

God haust og godt val!

Helsing
Oddvar Grøthe
ordfører